

**Møre og Romsdal Redaktørforening  
og Avisforeninga i Møre og Romsdal  
v/ Jan Erik Røsvik  
[jer@smp.no](mailto:jer@smp.no)**

Ålesund, 23. januar 2015

**Det kongelige samferdselsdepartement  
[postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no)**

### **Ukast til ny postlov. Høyringsuttale**

Vi syner til departementet sitt brev datert 22. oktober 2014, og Møre og Romsdal redaktørforening og Avisforeninga i Møre og Romsdal vil med dette gjere oss nytte av høvet til å uttale oss om utkastet til ny postlov. **Vår merknad er knytt til § 7, Leveringspliktige posttenester.**

Avisbransjen er i dag inne i ei krevjande omstilling, prega av fallande inntekter frå papiravisene. Veksten i dei digitale inntektene er på langt nær stor nok til å kompensere for dette. Om Posten ikkje lenger skal distribuere aviser på laurdag, vil det vere eit bidrag til å forsterke denne den negative utviklinga og føre til svekka lønsemd for avisene.

Posten er i dag distributør av ein stor del av avisbransjen sitt opplag. Avisene i Møre og Romsdal har alle delar av sitt opplag distribuert av Posten. Svært mange av desse avisene er avhengig av distribusjon også laurdag. Dersom denne distribusjonen fell bort, vil det bety at ein viktig del av opplaget ikkje når fram til lesarane på ein svært viktig avisdag.

Dette vil skape eit uheldig skille i befolkninga når det gjeld yrings- og informasjonsfridomen. Det kan også gi dramatiske konsekvensar for inntektsbiletet til aviser som allereie er i ein utfordrande økonomisk situasjon. Det vil igjen kunne bidra til å svekke avisene si evne til å fylle si viktige samfunnsrolle i sine lokalsamfunn yttarlegare.

Digital distribusjon av aviser er enno ikkje noko fullgodt alternativ. Som sagt er framleis ein stor del av inntektene både i lesar- og annonsemarknaden knytt til papiravisa. For store lesargrupper er digitale utgåver heller ikkje noko alternativ. Særleg er det mange eldre som vil bli utestengt frå å få si lokalavis. I tillegg er der område og husstandar som enno ikkje har god nok breibanddekning.

Vi meiner at det er avgjerande viktig å oppretthalde laurdagsdistribusjon av aviser, særleg på stadar der det ikkje er andre alternativ til avisdistribusjon. Men vi vil også påpeike at det er viktig å ha Posten som ein konkurrent til private distribusjonsselskap også der det er slike. Særleg i område med spreidd busetnad vil bortfall av postdistribusjon lett bidra til å skape uheldige monopolsituasjonar.

Med vennleg helsing  
Møre og Romsdal redaktørforening

Avisforeninga i Møre og Romsdal

Jan Erik Røsvik  
styreleiar

Tore Dyrnes  
styreleiar